



Sauda kommune  
Postboks 44  
4201 Sauda

Kontakt saksbehandlar

Thomas Wegner Thomassen, 51 56 87 28

## Tilbakemelding etter tilsyn

Vi har ført tilsyn med Sauda kommune i perioden 18.06.2020 og fram til i dag. Tema for tilsynet er skulebasert vurdering.

Kommunen fekk pålegg om å sørge for at Sauda ungdomsskule og Fløgstad skule

- bruker eit breitt kunnskapsgrunnlag for å vurdere om elevane når måla i læreplanverket
- vurderer om endringar i organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa kan bidra til auka måloppnåinga hos elevane
- evaluerer dei iverksette endringane og gjer nødvendige tilpassingar
- har brei og representativ medverknad i arbeidet med skulebasert vurdering
- involverer elevane i den skulebaserte vurderinga
- gjennomfører skulebasert vurdering jamleg

De har sendt inn utgreiing og dokumentasjon som erklæring om at pålegga er retta. Tilbakemeldinga blei levert innan fristen 01.07.2021.

Vi finn at kommunen sitt overordna system er i tråd med krava i lova om systematisk arbeid med kvalitetsutvikling jfr. 13-3 e, og vi ser at kommunen sitt system vil kunne ivareta at både Sauda ungdomsskule og Fløgstad skule på sikt kan dokumentere arbeidet sitt.

Innsendt dokumentasjon viser at skulane bruker eit breitt kunnskapsgrunnlag for å vurdere om elevane når måla i læreplanverket, og at denne kunnskapen blir brukt til å vurdere endringar for å auka måloppnåinga.

Statsforvaltaren saknar at skulane dokumenterer prosessane dei har hatt. Som eksempel kan nemnast at Fløgstad skule har endra tiltak frå periodeplanar til «Gleding», utan at dette er nemnt i dokumentasjonen. Referat frå dei månadlege møta i profesjonsfelleskapet kunne ha dokumentert dette og vist korleis lærarane medverka i tråd med lovkrava.

Sauda ungdomsskule har sendt inn eitt referat, og i dette kjem det fram at ikkje alle lærarane er sikre på korleis skulen har jobba med å lukke tilsynet. I same referat er det nemnt at elevane



opplever at dei er lite involvert i vurderingsarbeidet, og at det var eit gruppearbeid om dette. Det er lista opp innspel, men det er ikkje konkludert eller nemnt korleis dette skal følgast opp.

Skulane har ikkje dokumentert at tiltaka og prosessane er evaluerte. Ved Fløgstad skule var det i vinter planlagt ei forms-undersøking blant elevane for å finne ut kva for effekt tiltaka har hatt. Dokumentasjonen viser ikkje om dette er gjennomført og korleis denne eventuelt er blitt følgt opp.

Sauda ungdomsskule hadde planlagt eit stoppunkt ved skulestart, kor alle fasane med tanke på prosess og resultat skulle evaluerast.

Vi kan på bakgrunn av dette ikkje avslutta tilsynet no, men krev ikkje at kommunen og skulane endrar praksis, berre at dei dokumenterer allereie planlagde prosessar utover hausten.

Statsforvaltaren ber om følgjande dokumentasjon frå begge skulane:

- utviklingsplan for inneverande skuleår
- evalueringar av iverksette tiltak (både dei som er gjennomførte og dei som blir gjort i haust)
- referat frå møte i profesjonsfellesskap som viser korleis skulen jobbar med utviklingsområdet

Kommunen vel sjølve om dei ønskjer å sende inn dette fortløpande, eller samle opp dokumentasjonen å sende til Statsforvaltaren **innan 01.12.2021**

Med helsing

Hallgeir Bø  
assisterande utdanningsdirektør

Thomas Wegner Thomassen  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*